



Lars Ludvig Eidsnes  
Vestre Håbakken 11  
4345 BRYNE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4973 - 19/1187

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
15.01.2019

## Løyve til oppføring av tilbygg, påbygg og fasadeendring - gbnr 215/19 Eidsnes ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 036/19**

**Tiltakshavar:** Lars Ludvig Eidsnes  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg, påbygg og fasadeendring for bustad på gbnr 215/19 Eidsnes ytre. Det skal etablerast nytt tilbygg mot nordaust, tilbygg mot nordvest, endra takvinkel frå 50 til 45 grader, justering av kjellarvegg og fasadeendringar for bustad. I tillegg er det søkt om andre mindre tiltak som utviding av terrasse og etablering av utvendig trapp på garasje. Samla bruksareal for bustaden, etter gjennomført tiltak, er oppgitt til omlag 218 m<sup>2</sup>.

Søknaden er knytt til tidlegare godkjend tiltak på eigedomen der dei godkjende tiltaka har blitt endra gjennom byggjeprosessen. Endringane er vurdert til å vera for omfattande til å kunne handsamast som søknad om endring av eksisterande tiltak og det er difor send inn ny søknad om løyve til tiltak, jf. avvist søknad om endring av løyve datert 25.09.2018. Dei omsøkte tiltaka er etablert.

Tidlegare gjevne vedtak i saka:

Dispensasjon, rammeløyve og igangsetjingsløyve for delar av tiltaket gitt i vedtak datert 09.07.2015. Løyve til igangsetjing for riving av tilbygg og uthus, samt oppføring av nytt tilbygg og garasje datert 08.12.2015.

Løyve til endring av godkjend tiltak datert 31.03.2016.

Avvist søknad om endring av løyve datert 25.09.2018.

I tillegg er det gitt fleire løyve knytt til etablering av nytt avløpsanlegg for eigedomen.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå kommuneplanen når det gjeld arealføremål og byggjegrensa mot fylkesveg 393.



Det vert elles vist til søknad motteken 17.10.2018 og tilleggskokumentasjon mottatt 03.12.2018.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.10.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato med tillegg for den tid søknaden har vore på høyring.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk. Byggjegrensa mot fylkesveg 393 er 15 meter frå midt veg, jf. føresegn 1.6 i kommuneplanen.

Det er gitt dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjegrensa mot fylkesveg 393 i møte i Plan- og miljøutvalet den 12.12.2018 i sak 158/18.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 10.04.2018.

Avstand til offentlig veg er opplyst å vera 9,5 meter. Plan- og miljøutvalet har i vedtak datert 12.12.2018 gjeve dispensasjon for plassering av tiltaket 9,5 meter frå midt fylkesveg.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Eigedomen skal knytast til offentlig vassverk og privat avløpsanlegg. Det er gjeve løyve til tilknytning til det kommunale vassverket den 22.06.2015.

Det er gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 06.07.2015, med endringsløyvedatert 05.09.2018. Utsleppsløyve gjeld utskifting av eksisterande slamavskiljar og tilkopling til eksisterande sjøleidning.

### **Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Statens vegvesen har gitt avkøyringsløyve til fylkesveg 393 i vedtak datert 21.10.2015.

### **Terrenghandsaming**

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VURDERING**

Kommunen godkjenner endring av tiltak på gbnr 215/19 slik dei går fram av ny søknad om løyve til tiltak som er mottatt 17.10.2018. Tiltak som ikkje er søkt endra er godkjend etablert slik det går fram av tidlegera gjevne løyve i saka.

Når det gjeld tilkomst til bodareal på garasjeloft er kommunen generelt av den oppfatning at dette må løysast ved innvendig tilkomst og ikkje ved etablering av utvendig trapp. Etter ei konkret vurdering av tiltaket i seg sjølv og dei stadeigne forhold finn kommunen likevel i dette tilfelle å kunne godkjenna utvendig trapp slik det er søkt om.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Tiltakshavar Lars Ludvig Eidsnes har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar i samsvar med SAK 10 § 6-8, for tiltak på eigen bustad. Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve til oppføring av tilbygg, påbygg og fasadeendring i samsvar med søknad mottatt 17.10.2018 og på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 10.04.2018, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk samsvar med godkjenning datert 22.06.2015.
3. Tiltaket skal knytast til privat avløpsanlegg i samsvar med løyve til etablering av avløpsanlegg gitt i vedtak datert 06.09.2018.
4. Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for Lars Ludvig Eidsnes for ansvarsområdet både som prosjekterande og utførande for tømmer og betong i tiltaksklasse 1.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:**

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg vassverk.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 14/4973**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lars Ludvig Eidsnes

Vestre Håbakken 11

4345

BRYNE

**Mottakarar:**

Lars Ludvig Eidsnes

Vestre Håbakken 11

4345

BRYNE